

Studenttinget 2016/2017

Sakspapir 3. møte, 26.10.16.

Sak 00 - 16/17:	Konstituering	2
Sak 01 - 16/17:	Godkjenning av innkalling og referat	3
Sak 02 - 16/17:	Godkjenning av sakliste og dagsorden	4
Sak 03 - 16/17:	Orienteringar	5
Sak 14 – 16/17:	Valt eller tilsett rektor	6
Sak 15 - 16/17:	Ein grønare høgskule	7
Sak 16- 16/17:	Studentposar.....	8
Sak 17 - 16/17:	Studenthelse.....	9
Sak 18 – 16/17:	Ymse	10

Sak 00 - 16/17: Konstituering

Møtedato: 26.10.16
Sakshandsamar: Karoline Strand

Studenttinget innstiller på Nikolai Hannevik Nordlid som fast ordstyrar.

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar.

Sak 01 - 16/17: Godkjenning av innkalling og referat

Møtedato: 26.10.16
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Studenttinget innstiller, i denne rekkjefylgja:

- Innkallinga
- Referatet

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner innkalling og referat.

Sak 02 - 16/17: Godkjenning av sakliste og dagsorden

Møtedato: 26.10.16
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Forslag til sakliste og dagsorden

Møtestart kl 17.00

Sak 00 – Konstituering	17.00 – 17.03
Sak 01 – Godkjenning av innkalling og referat	17.03 – 17.06
Sak 02 – Godkjenning av sakliste og dagsorden	17.06 – 17.08
Sak 03 – Orienteringar	17.08 – 17.16
Sak 14 – Valt eller tilsett rektor	17.16 – 18.15
Sak 15 – Ein grønnare høgskule	18.15 – 18.30
Sak 16 – Studentposar	18.30 – 18.45
Sak 17 – Studenthelse	18.45 – 19.00
Sak 18 – Ymse	19.00 – 19.10

Møteslutt ca 19.10

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner sakliste og dagsorden

Sak 03 - 16/17: Orienteringar

Møtedato: 26.10.16
Sakshandsamar: Karoline Strand

- Arbeidsutvalet
- Høgskulestyret
- Studentsamskipnaden for Sunnmøre
- Andre

Forslag til vedtak : Det er ikkje vedtak i orienteringssaker.

Sak 14 – 16/17: Valt eller tilsett rektor

Møtedato: 26.10.2016
Sakshandsamar: Karoline Strand

På styremøtet til Høgskulestyret i september vart det offentleggjort at høgskuledirektør Jacob Kjøde Jr. skal gå av i si stilling i august 2017. Dette opnar for at styret no skal diskutere kva for ein styringsmodell dei ønska HVO skal ha. Derfor er det på tide at STiV tar stilling til dette slik styret veit kva studentane ønska når saken skal diskuterast i oktober/november.

Vedlagt ligg eit eige notat med argument. Denne kan brukast som en peikepinn for diskusjonen.

Forslag til vedtak:

Sak 15 - 16/17: Ein grønare høgskule

Møtedato: 26.10.16
Sakshandsamar: David Fiskaa

Ein student ved høgskulen ønskjer å starte opp ein miljøorganisasjon ved høgskulen.

Kva tiltak kan ein gjere for å påverke skulen til å bli ein grønare høgskule?

Forslag til vedtak:

Det vert ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker.

Sak 16- 16/17: Studentposar

Møtedato: 26.10.16
Sakshandsamar: Marie Havnsund

I september kom det inn ein rekke klager på årets studentposar. Arbeidsutvalet vil no at Studenttinget skal diskutere hensikta med desse posane og om dette er noko vi vil fortsette å ha eller ikkje. Arbeidsutvalet ønskjer sjølv å gå over til ein lokal «Volda-pose» med lokale tilbod og varer.

Forslag til vedtak:

Studenttinget går bort frå studentposane og fokusera på å få ei ordning med lokale gode tilbod og varer i ein eigen «Volda-pose».

Sak 17 - 16/17: Studenthelse

Møtedato: 26.10.16
Sakshandsamar: David Fiskaa

Norsk Studentorganisasjons Velferdspolitiske plattform blei revidert på sist landsmøte og kom då med følgande skildring av viktigheita rundt "studenthelse".

"Studenthelse angår helserelevante aspekter knyttet til studenters livssituasjon, og hvordan denne livssituasjonen kan gjøre studenter spesielt utsatt for uhelse. Studenthelse skal defineres som et eget begrep, og innholdet bør ta høyde for hvordan studenttilværelsen både kan virke helsefremmende og sykdomsfremkallende, og på hvilken måte. Det helsefremmende og forebyggende arbeidet knyttet til studenters helse må sees i sammenheng med relevant forskning på studenthelse.

Årsaken til å starte dette arbeidet, er at mange opplever det vanskeleg å argumentere for noko som ikkje er definert. Man ønska å sette lys på studentars særskilte helseproblem. NSO og studentsamskipnadene meina at det er viktig at det blir forska på "studenthelse", og at man anerkjenner studentar som ein brukargruppe. I dag faller studentar mellom mange stolar, og vi meina at dette er ein start på arbeidet med å sikre studentanes kvardag.

NSO ønskjer å vite kva studentane ved vår institusjon legg i dette omgrepet.

Forslag til vedtak: Det vert ikkje gjort vedtak i diskusjons – og orienteringssaker.

Sak 18 – 16/17: Ymse

Møtedato: 26.10.2016
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid
